



VINJE

«mottakernavn»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dato:30.06.2025

Vår referanse: 2023/6637-15

Sakshandsamar:Anne-Sofie Bergene Strømme

Raudberg Sameige 99/24 - Referat frå møte med grunneigarar 12.05.25

Tilstades:

Åsfrid Naadland, heimelshavar

Hallbjørg Strøm, heimelshavar

Dag Strøm

Elrid Naadland Holo

Vinje kommune

Gry Åsne Aksvik, kommunalsjef økonomi og samfunn (delar av møte)

Åge Verpe, kommunalsjef teknisk drift og infrastruktur (delar av møte)

Anne-Sofie B. Strømme, plan- og miljørådgjevar og sakshandsamar

Åsne S. Øygarden, rådgjevar plan (delar av møte)

Ove Geir Nevestveit, oppmålingsingenør (delar av møte)

Erland Tveiti, rådgjevar byggjesak (delar av møte)

Referent: Anne-Sofie B. Strømme

Tidspunkt: 13.00-16.00

Stad: kommunehuset i Åmot

Referatet vart sendt grunneigarane til gjennomlesing før det vart ferdigstilt. Grunneigarane ynskjer at tilbakemelding på referatet i brev datert 27.05.25 vert lagt som vedlegg til referatet. Kommunen vil presisere at me ikkje er samd i tilbakemeldingane på referatet, men vel å leggje ved brevet som vedlegg. Vedlagt ligg også ein juridisk vurdering av planprosess, føresegnar og utbyggingsavtala.

Gjennomgang i møte

1. Grunneigarane gjekk gjennom utfordringane dei har med gjeldande reguleringsplan for Raudberg sameige 99/4, planID 20050003 vedteke i kommunestyret 10.05.2012, sak 12/52. Dei synte spesielt til utfordringane med dei eksisterande punktfestetomtene i reguleringsplanen, med manglande involvering og godkjenning frå grunneigarar ved eventuelle søknadar om bygging eller tiltak på desse punktfestetomtene.
2. Grunneigarane gjekk gjennom historikken slik dei har oppfatta planprosessane og slik dei tolkar plandokumenta (føresegnene og saksframlegg med vedtak). Dei synte spesielt

til at det står i saksframlegget til 1. gongs handsaming og 2. gongs handsaming i 2005 at gjeldande utbyggingsplan frå 1991 skal framleis gjelde. På bakgrunn av denne setninga meiner dei difor at føresegnene frå utbyggingsplanen frå 1991 i høve utnyttingsgrad på 85 m² skal gjelde for eksisterande hytter når ny plan vart vedteken. Me vart samd i møte om å sende spørsmål om tolking av plandokumenta og planprosessen til statsforvaltaren. Det har i ettertid blitt klart korleis ein tolkar KDP Vågslid frå 2002 slik det gjeng fram av planomtala s. 11, og det er difor valt å ikkje sende spørsmål om dette til statsforvaltaren. Informasjon om dette er sendt til grunneigarane i e-post 16.05.25 og er også teke med i referatet.

3. Grunneigarane ynskjer med planendringa å redusere utnyttingsgraden på enkelte tomter frå 130+30 m² til 85 m² utan høve for anneks. Dei ynskja også med planendringa å fjerne høve for høg sanitær standard for dei same tomtene. Kommunen var tydleg på at ein vil ikkje innstille på å senke utnyttingsgraden og høve for høg sanitærstandard i eit sentralt hyttefelt. Storleiken på tomtene og topografi, samt nærleiken til teknisk infrastruktur tilseier høve for utnytting opp på BYA 130+30 og høve for høg sanitærstandard for desse tomtene i tråd med overordna kommunedelplan for Vågslid.
4. Grunneigarane sa i møte at dersom ein ikkje vart samd om punkt 2 og 3 i referatet vil dei trekke søknaden om mindre planendring. Dei har rett til å fremme endringane sine og kommunen må gjere ein planfagleg vurdering med tilråding i saka, og det er opp til politikarane å vedta endringane. I saka vil det kome tydleg fram kva grunneigarane søker om og kva tilrådinga frå kommunedirektøren er. No blir framlegg til endringar frå søknaden og etter kommunen sin vurdering sendt på høyring til råka partar og offentlege instansar. Grunneigarane står fritt til å trekkje søknaden, men kommunen må vurdere om ein ser det føremålstenleg å framleis fremme mindre planendring av føresegner og plankart etter den planfaglege vurderinga som allereie er gjort.
5. Grunneigarane hadde spørsmål i høve krav til påkopling til godkjent vass- og avløpsanlegg. Kommunen svara ut kring dette, kravet til høg sanitærstandard og tilkopling til godkjent vass- og avløpsanlegg trer inn ved nye hytter. Det har ikkje tilbakeverkande kraft for eksisterande hytter med låg sanitærstandard dersom ikkje hytteeigarane ynskjer å kople seg på. Kravet til påkopling kjem dersom hyttene legg inn vatn. Som eigar av VA-anlegget har grunneigarane høve til å sette vilkår for påkopling for hytteeigarane som ynskjer å kople seg på. Kommunen presiserte at det er ein forventning til samarbeid mellom grunneigar/eigar av VA-anlegget og hytteeigarar når ein har fått godkjenning til utbygging av eit sentralt hyttefelt. Det er forventa frå kommunen at eigar av anlegget opnar opp for denne moglegheita dersom hytteeigarane ynskjer å kople seg på.
6. Me vart samd i møtet at kommunen kunne ta kontakt med Statsforvaltaren i høve krav til høg sanitærstandard og utnyttingsgrad. Brevet vart sendt til grunneigarane for gjennomlesing. Brevet er sendt på e-post til grunneigarane 16.05.25, med frist for innspel 23.05.25. Grunneigarane hadde ingen kommentar til brevet.
7. Grunneigarane sa at reguleringsplanen har lagt opp til 4 byggjetrinn, der byggjetrinn 1 til 3 er bygd ut, og byggjetrinn 4 (området på andre sidan av Gamle Raudbergvegen) ikkje er planlagt bygd ut før vegen og teknisk infrastruktur er lagt om. Dette vil krevje ein planendring, og grunneigarane meiner at framlegg til endringar som kommunen har føreslege kan takast i denne prosessen, og dei har difor ikkje sett seg inn i alle detaljane som kommunen har føreslege i brev 11.03.25. Dei informerte også om at det ikkje

- føreligg VA-plan for byggjetrinn 4, og at det er grunnen til at dei ikkje vil at eksisterande tomter på den sida av Gamle Raudbergvegen skal kople seg til vass- og avløpsanlegg.
8. Grunneigarane synte til utbyggingsavtala dei har med kommunen frå 1991, og meiner denne bind kommunen til å fylgje reguleringsføresegnene frå utbyggingsplanen i 1991, slik det står i pkt. 4. I pkt. 6 står det at denne avtala ikkje hindrar kommunen i å gjere omregulering i samsvar med plan- og bygningslovas reglar, når kommunen etter ei samla vurdering finn dette rett. Det vil sei at dersom kommunen vedtek ein ny reguleringsplan med nye føresegner vil desse gjelde for området, utan at det er i strid med utbyggingsavtala frå 1991.
 9. Lokalisering av tomta «Tyrve» vart synt i møte. Tomt 9 står på to tomter, den eine av desse skulle vore namnsatt til «Tyrve». Kommunen fylgjer opp den vidare i planendringa, slik at plankartet vert retta opp.
 10. Det var drøfta enkelte spørsmål kring kva vurdering som ligg til grunn for endra utnyttingsgrad på enkelte tomter. Det er storleiken på tomta, samt topografi og eksisterande bygg som avgjer kor stort ein kan byggje på tomta og om det er høve for anneks.
 11. Privatrettslege avtalar/tilhøve skal ikkje kommunen ta stilling til i planarbeidet, og vert ikkje kommentert ytterlegare i referatet.
 12. Kommunen vil i planendringa vurdere om det er høve for å nytte føremålsgrenser for punktfestetomtene. Kommunen fylgjer opp dette vidare.

13. Ytterlegare svar frå oppmåling i høve spørsmål om tomtefestelova og storleik

Eit punkt feste er ein type avtale der det berre er eit punkt, rett til å ha bygning,- ingen fastlagde tomtegrenser. Det nye er at det har blitt fastslått i rettspraksis at ved innløyising av eit punkt feste har festaren som hovudregel krav på å få innløyst 1 daa. for bustad,- 2 daa. for fritidsformål,- ennå om det i festeavtala ikkje er avtalt tomteareal.

Tomtefestelova regulerer forholdet mellom festar og bortfestar, men seier lite om byggjetekniske avgrensingar, med mindre det er avtalt i festeavtala. Når festeavtala ikkje seier noko om hytte- eller byggjestorleik, har ikkje grunneigar aleine rett til å sette slike grenser. Det er reguleringsplanen med føresegner og byggesakshandsaminga som avgjer kva som kan byggjast m.m. Dersom det står i festeavtala kan grunneigar avgrense byggets storleik. Her er unnatak. Om det er ein klausul i festeavtala som seier at endringar eller bygg må godkjennast av grunneigar, kan dette gje grunneigaren ein viss påverknad. Her visast til dommar, rettspraksis m.m. Dette er spesielt i samband med forlengelse av festekontrakt og innløyising. Det er spesielt festaren sine rettigheter som har blitt styrka sidan den første tomtefestelova kom i 1975.

14. Utbyggingsavtale mellom heimelshavarane 99/24 og Vinje kommune 1991:

087,-

UTBYGGINGSAVTALE

mellom Åsfrid Naadland og Halbjørg Strøm som eigarar av Raudberg
gnr.99, bnr.24 og Vinje kommune, i samband med gjennomføring av
bebyggelsesplan, vedteken av Byggningsrådet 22.02.91 i sak 22/91.

DAGBOKFORT
02.AUG91 01806
SORENSKRIVAREN I
VEST-TELEMARK

Før utparsellering kan skje, eller byggeløyve gjevast, må fylgjande tiltak i bebyggelsesplanen/reguleringsplanen vera gjennomført:

- ADKOMST OG PARKERING**
Avkørsle, adkomstveg og parkering må vera opparbeidd i samsvar med planen. Grunneigaren har ansvaret for vedlikehaldet, dette gjeld også brøyting.
- RENOVASJON**
Grunneigaren må syte for å bygge søppelbu med tilstrekkeleg mange sekkestativ. Teknisk etat bestemmer talet på stativ og sekkar. Istaden for bu kan det nyttast container. Grunneigar skal inngå avtale med renovatøren om regelmessig henting. Kopi av avtale sendast teknisk etat.
- VASSFORSYNING OG AVLØP**
Grunneigaren må bygge ut den vassforsyning som er føresett i planen. Dette skal vera den varige ordning, også om tomtene blir dela frå med eige bruksnr. Den enkelte tomteeigar har ikkje høve til å bore etter vatn eller grave brønn på eiga tomt, og heller ikkje legge vatn inn i hytta.

Grunneigaren pliktar å varsle kommunen dersom han blir merksam på at det blir etablert andre vassforsyningsordningar.
- ANDRE BESTEMMELSER**
4. Det er grunneigaren som for framtida har ansvaret for ovannemnde punkt 1-3, både når det gjeld drift og vedlikehald. Dette gjeld også etter at hyttefeltet er utbygd, og tomtene frådela.

Dersom det skjer brot på desse bestemmelsar, kan Byggningsrådet utferde forelegg i samsvar § 114, og tvangsfullbyrding i samsvar med § 115, i Plan- og Bygningslova.
5. I skøyte eller festekontrakt for den enkelte tomt skal fylgjande takast med:

Reguleringsføresegner og utbyggingsavtale vedtekne i samband med planen, gjeld for tomta og bruken av den.

Ved byggesøknad skal kopi av skøyte/fstekontrakt fylgje.
6. Denne avtala hindrar ikkje kommunen i å gjera omregulering i samsvar med Plan- og Bygningslovas reglar, når kommunen etter ei samla vurdering finn dette rett.
7. Denne avtale skal tinglysast som hefte på eigedomen. Grunneigaren skal syte for dette, og levere kommunen eitt eksemplar.

Ytre Vinje, 03.07.91.....

VINJE KOMMUNE

Halbjørg Strøm
Grunneigar

Åsfrid Naadland
ORDFØRAREN

(byg)mal-utb-avt

15. Informasjon knytt til tolking av plandokument og planprosess 1991-2012:

1991

Bebyggelsesplan for fritidshusvære for Raudberg 99/24 vart vedteke i kommunestyret 21.02.91, sak 22/91. I føresegn pkt. 3. b) står det fylgjande: «*Tillete bruttoareal for bygning på kvar tomt skal ikkje overstige 85 m² (målt utvendig grunnmur, inkl. overbygd uteareal).* Nødvendig areal til bod, do, m.v. skal inngå i bruksarealet».

2004-2005

Ny plan for Raudberg sameige 99/24 vart teke opp til 1. gongs handsaming i planutvalet desember 2004 sak 04/117. Planframlegget vart avslått på bakgrunn av at planframlegget ikkje legg opp til næringsverksemd eller utleiehytter slik KDP Vågslid la opp til, krav til utleie var 20 %.

Revidert planframlegg vart teke opp til 1. gongs handsaming på nytt januar 2005 der kravet til utleieeiningar og næringsverksemd var i tråd med KDP Vågslid. Planen vart sendt på høyring og offentleg ettersyn frå februar til mars 2005. I høyring og offentleg ettersyn kom det motsegn på grunn av rasfare. Enkelte tomter vart flytta og motsegna vart trekt i brev 12.04.05.

Planen vart teke opp til 2. gongs handsaming og vedteke i kommunestyret 28.04.05, sak 05/36. Utbyggingsplanen frå 1991 vart erstatta av reguleringsplan for Raudberg Sameige del av 99/24 når denne vart vedteke.

I denne prosessen vart det endra plankart og føresegner. Blant anna vart utnyttingsgrad sett til 110 m² utan anneks for tomtene 32, 33, 37, 38, 48, 49, 50, 95, 96, 108 og 109. For dei andre tomtene vart utnyttinga sett til 130 m² per hytteeining, i tillegg til anneks på 30 m². Bevaring kulturminne vart teke inn i føresegnene. I brev datert 01.07.2005 ber kommunen om at tiltakshavar/konsulent oppdaterer reguleringsplanen i tråd med vedtaket 28.04.2005, sak 04/36.

Utdrag av føresegnene for Raudberg Sameige del av 99/24 vedteke i 2005 i høve utnyttingsgrad og sanitær standard:

Utnyttingsgrad	
a)	For fylgjande tomter er utnyttingsgraden sett til max 110 m ² , - ikkje anneks: 32, 33, 37, 38, 48, 49, 50, 95, 96, 108 og 109.
b)	For dei andre tomtene blir utnyttinga sett til maks 130 m ² BYA pr hytteeining, i tillegg til eit anneks på inntil 30 m ² . Maksimalt samla bruksareal vert sett til 160 m ² BYA.

Bygningar	
Generelle føresegner for bygningar:	
a)	Med unntak av hyttene 14,15 og 16 skal alle hytter byggast ut med høg sanitær standard og knytast til godkjent avløpsanlegg.

I saksframlegget til 2. gongs handsaming står det fylgjande:

Bakgrunn: Plankontoret Hallvard Homme as har på vegne av Raudberg sameige utarbeidd ein reguleringsplan for del av eigedomen 99/24. Området ligg nord for E134 og Eirvindbuvatnet i Vågslid. Innanfor planområdet er det utarbeidd ein utbyggingsplan som blei vedtatt 21.02.91, med 22 tomter, som det i kommunedelplanen for Vågslid er sagt framleis skal gjelde. Det er tre tomter her som framleis ikkje er bygd ut. I denne planen er talet på nye hyttetomter 106, av dei er 36 tomter sett av til utleigeformål. Totalt omfattar planen 127 tomter inkludert dei eksisterande. Nye hytter skal alle ha høg sanitær standard med innlagt vatn, avløpsordning og straum. Gjennom registreringsarbeid av Telemark Fylkeskommune og feltarbeid av Plankontoret Hallvard Homme er det registrert 9 kullgroper i planområdet.

Heimelshavarane meiner at setninga i saksframlegget: «Innanfor planområdet er det utarbeidd ein utbyggingsplan som blei vedtatt 21.02.91, med 22 tomter, som det i kommunedelplan for Vågslid er sagt framleis skal gjelde», tilseier at føresegnene frå planen frå 1991 skal gjelde framfor dei nye føresegnene vedteke 2005 for dei 22 tomtene. Vidare står det i saksframlegget at «Totalt omfattar planen 127 tomter inkludert dei eksisterande. Nye hytter skal alle ha høg sanitær standard, med innlagt vatn, avløpsordning og straum». Dette tilseier at ny plan også omfattar dei eksisterande 22 tomtene, og at føresegnene i planen frå 2005 også skal gjelde for desse. Setninga i saksframlegget kan så langt sakshandsamar ser ikkje tolkast som om føresegnene om 85 m² frå utbyggingsplanen frå 1991 skal gjelde for eksisterande hytter, når reguleringsplanen frå 2005 tek for seg 127 tomter inkludert dei eksisterande frå utbyggingsplanen.

For å undersøkje kva som er meint med setninga om at utbyggingsplan frå 1991 skal framleis gjelde, har sakshandsamar undersøkt kva som står i KDP Vågslid frå 2002. I føresegnene frå 2002 står det fylgjande markert med gult:

FØRESEGNER TIL KOMMUNEDELPLAN VÅGSLID

Tekst med ramme er juridisk bindende.

1. BYGGJEOMRÅDE (PBL § 20-4)

FELLESFØRESEGNER

Arbeid og tiltak som nemnt i Plan- og bygningslova § 93, samt fradeling til slike føremål skal ikkje tilatast før det ligg føre godkjent reguleringsplan for området, jfr. Pbl. § 20-4, 2. ledd punkt a. Byggeområde O1 (offentleg føremål) er unnateke plankravet.

Reguleringsplanar og utbyggingsplanar (bebyggelsesplanar), som framleis skal gjelde:

PLAN	Ønr/bnr	Vedtatt/ stadfesta
Reguleringsplan Etna Skystasjon	100/1	14.03.2002
Reguleringsplan Stormneset	99/3	16.03.2000
Reguleringsplan Arbusneset	99/7	04.02.1999
Reguleringsplan Svartfjellnåsen	99/1	04.02.1997
Reguleringsplan Tyrvelid	99/6	20.03.1997
Bebyggelsesplan Fjellstad	99/1	27.06.1991
Reguleringsplan Botn og Vågsli Høgjelshotell	100/1 m. fl.	12.06.1991
Bebyggelsesplan Skjerdalen/Filmmane	99/1	16.05.1991
Bebyggelsesplan Fløthyl	97/2	21.02.1991
Reguleringsplan Skjåsen	94/1	21.02.1991
Bebyggelsesplan Raudberg	99/24	21.02.1991

I område avsatt til byggeområde skal utbygging ikkje ske før tekniske anlegg, slik som elektrisitetsforsyning, vass og avløp og vegar er etablert i området.

I byggeområde H/N 1, H/N 4, H/N 5, H/N 6, H/N 9 samt H1 og N1, er det ikkje krav til høg sanitær standard. Krav om opparbeiding av tekniske anlegg før utbygging må i desse områda tilpassast val av sanitær standard.

Alle planforslag innfor området må sendast til fylkeskommunen til uttale, jfr. Lov om kulturminner § 9.

Før utbygging av H/N 9, H/N 14 og N 12 skal det ligg e føre tilstrekkeleg dokumentasjon på tryggheit i høve til ras/skred. Tilfåk må plasserast slik at dei ikkje vert utsatt for ras/skred.

Lange breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldest eit naturleg vegetasjonsbelte, jfr. § 11 i Vassressurslova.

For å undersøkje dette nærare må ein sjå i planomtala. I planomtale s. 11 for KDP Vågsli frå 2002 står det fylgjande:

«Eksisterande bebyggelsesplan er bygd ut i høve til tillate utbygging/antall einingar, men bør stå som gjeldande for å regulere mindre tilhøve fram til området får ein oppdatert/ny plan».

I løpet av planprosessen for overordna kommunedelplan skal alle eksisterande planar vurderast om dei skal vidareførast i overordna plan. Dersom dei ikkje vert vidareført, blir planane i strid med overordna plan og kan ikkje byggjast etter. Difor bli det omtala at eksisterande planar skal framleis gjelde i overordna plan, slik at planane kan nyttast fram til oppdatert plan/ny plan vert vedteke.

I planomtala til KDP Vågsli frå 2002 står det at utbyggingsplanen for Raudberg frå 1991 skal framleis gjelde for å regulere mindre tilhøve, fram til planen vert oppdatert eller ny plan vert vedteke. Det står det same for andre eldre planar, t.d. Tyrvelid. Utsnitt av KDP for Vågsli 2002, planomtala s. 11:

I høve til gjeldande kommunedelplan har ein redusert byggeområde noko i vest på grunn av rasfare, jfr. NGI – rapport (vedlegg 13).

Listøyli: H/N14 og H/N15

Tyrvelid er eit viktig knutepunkt for turistsatsinga i Vågsli. Listøylområdet er i denne samanheng viktig som nærområde til skianlegget og har eit potensiale som framtidig utviklingsområde for den vidare satsinga kring Tyrvelid.

Listøylfeltet strekkjer seg frå Europavegen og nordover i møte med området for alpinanlegget. Øvre delen av feltet ligg på eit platå høgare i terrenget enn eksisterande utbygging i Tyrvelid. Utbygginga strekkjer seg såleis ut frå det lokale landskapsromet – "gryta" som eksisterande utbygging ligg i. Området ligg derimot godt forankra i det overordna landskapsromet som vert danna av høge, dominerande fjell i kring. Ein meiner av den grunn at utbygginga har solid ryggdekning til å tole ei utbygging.

Det vert likevel viktig å sikre ei god landskapstilpassing ved utbygging av området. Nærare retningslinjer om dette må fylgjast opp i samband med regulering av området.

Ein del av området har potensiell rasfare, jfr. NGI-rapport (vedlegg 13), og inneheld difor krav i føresegnene om nærare undersøkingar for utbygging.

Tyrvelid: H/N16 og H8

Området inneheld reguleringsplan som i all hovudsak er bygd ut. Reguleringsplanen kan framleis stå som gjeldande, fyrst og fremst for å regulere mindre tilhøve fram til ei evt. endring av planen. Ved framtidig fortetting av området ynskjer ein særleg å leggje vekt på estetikk ved utbygginga.

Raudberg: H/N20 og H/N21

Områda kring Raudberg har eit stort potensiale for vidare utbygging, noko også gjeldande kommunedelplan gjev rom for. Eksisterande bebyggelsesplan er bygd ut i høve til tillate utbygging/antal einingar, men bør stå som gjeldande for å regulere mindre tilhøve fram til området får ein oppdatert/ny plan. Området er veldig sentralt i høve til tilgrensande skitrekk og er viktig for å sikre ei auke i kundegrunnlaget til skianlegget.

Flåmyrane/Skjærdalen: H/N17, H/N18 og H/N19

Også dette området inneheld reguleringsplan der tillatne tomter etter det ein kan sjå er bygd ut. Ein meiner området har potensiale for vidare utbygging mot vest og at dette vert eit viktig utviklingsområde for den vidare satsinga kring Tyrvelid. Byggeområdet vert auka mot vest i høve til gjeldande kommunedelplan.

Nærings/forretningsområde

Avgrensingane av næringsområda i planen tek utgangspunkt i masterplanen sin avgrensingar. I tillegg er Øykjelistøyen er lagt ut til camping. Nærare drøftingar om spesifisering av områda har vore gjort og resultert i utfyllande føresegn til planen. Næringsområda ved Øykjelistøyen, Vågsli bøgjellshotell og Bukkeneset er lagt ned til vasskanten.

Avstandsgrensa til vatnet må i desse områda fastsetjast gjennom reguleringsarbeidet. Den vil m.a. avhenge av type bruk av området/aktivitetar, arealbehov og alternative måtar å sikra gjennomgang for ålmentas ferdsel.

Konklusjon

Dette er det endelege svaret frå kommunen i høve vurdering av tidlegare planprosessar og tolking av føresegnar. Det er føresegnene vedteke 10.05.2012 som er gjeldande for alle tomter innanfor reguleringsplan for Raudberg sameige 99/24, planID 20050003.

Med helsing

Anne-Sofie Bergene Strømme

plan- og miljørådgjevar

Gry Åsne Aksvik

kommunalsjef samfunn

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

- 1 Kommentar til referat 12.05.25.pdf
- 2 Juridisk vurdering av føresegner, planprosess og utbyggingsavtale - reguleringsplan for Raudberg sameige 99/24, planID 20050003

Mottakarar:

ÅSFRID NAADLAND
HALLBJØRG STRØM

Kopi til:

Gry Åsne Aksvik
Åge Verpe
Ove Geir Nevestveit
Åsne Skjøtskift Øygarden
Erland Tveiti